



Vaksdal kommune

## TILLEGGSINNKALLING VALSTYRET

**Møtedato:** 26.09.2023  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 10:00 - 12:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Rikke Haagensen epost [rikke.haagensen@vaksdal.kommune.no](mailto:rikke.haagensen@vaksdal.kommune.no)

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
21/2023	Evaluering av valgjenomføringa

20. september 2023

Hege Eide Vik  
Leiar



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/2023	Valstyret	PS	26.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen		23/1281

### Evaluering av valgjennomføringa

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilår at valstyret tidleg i 2025 får ein sak om behandling av rammene for gjennomføring av Stortingsval 2025.

#### Bakgrunn for saka:

Kommunestyre – og fylkestingsval 2023 har avdekket behov for å evaluere rammene for gjennomføring av val i Vaksdal kommune.

#### Saksutgreiing:

Kommunestyre – og fylkestingsvalet 2023 vart gjennomført i henhold til loven og valgdirektoratets tryggingrutinar. Mange av dei som arbeider i staben var med på å ta imot førehandsrøyster på Dale bibliotek. Dei har gjort ein veldig god jobb. Likevel viste seg å vere heilt nødvendig å nytte seg av personer utenfor organisasjonen i tillegg for å oppretthalde kommunens tilbod om å få røyste i heile førehandsperioden. Dei som arbeider i stab tok vaktar som førehandsrøystemottakar i tillegg til sin vanlege jobb. Personane som vart rekruttert utanfor gjorde også ein veldig god jobb i å informere veljarane om korleis ein kan avgje røyst, og tok imot førehandsrøyster på korrekt måte.

Dei oppdaterte tryggingrutinane frå valgdirektoratet har endret måten ein kan oppbevare og nytte IKT-utstyr til valet. Dette skal til einkvar tid vere låst ned og kun valansvarlege skal ha tilgang til det i tida før valet. Tryggingrutinane skal følgjast. Dette er tid – og ressurskrevjande for dei som arbeider med gjennomføring av valet. Mykje tid vart nytta til å flytte utstyr fram og tilbake etter kvart som ein hadde behov for det. Per i dag er det to personar som har rollen som valansvarlege i Vaksdal kommune.

Då alt av IKT-utstyr no skal oppbevares på eit låst tryggingssrom til einkvar tid, er det nødvendig at

dette rommet også er stort nok til at det er plass til ein arbeidsstasjon. Rommet som vart nytta som tryggingsrom i år vart stort nok til å nytte som lagerrom til utstyret, men ikkje stort nok til å kunne arbeide der inne.

Til stortingsvalet i 2025 bør ein nytte seg av erfaring som vert gjort i kommunestyre – og fylkestingsval 2023 til å gjere nødvendige endringar i rammer og ressurser ein nyttar til valet. Saka bør vente til tideleg i 2025 då det er mogleg at valdirektoratet gjer ytterligere endringar i krav til valgjennomføring.